



Leif Hosøy Sleire

Oterdalen 48

5914 Isdalstø

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1238 - 15/4365

Saksbehandlar:

Tove Mette Arnø Fyllingen

ftm@lindas.kommune.no

Dato:

24.02.2015

Arbeidsgruppe for gjennomgang av politisk styringsstruktur og delegeringsreglement

Vedlagt følgjer vedtak.

Med helsing

Tove Mette Arnø Fyllingen

avdelingsleiar

Dokumentet er signert elektronisk.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914
Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Andre mottakarar:

Leif Hosøy Sleire
Arne Ramslien
Nina Stabell Øvreås
Jostein Hellestveit
Aashild Halland
Nina Bognøy
May Eva Sandvik
Asle Hetlebakke
Bjarte Vatnøy
Ingeborg Askeland
Odin Kristiansen
Ståle Juvik Hauge
Ole Georg Hoaas

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
010/15	Formannskapet	PS	05.02.2015
022/15	Kommunestyret	PS	19.02.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ole Georg Hoaas	14/1238

Arbeidsgruppe for gjennomgang av politisk styringsstruktur og delegeringsreglement

Rådmannen legg saka fram utan tilråding.

Formannskapet - 010/15

FO - behandling:

Framlegg frå A.Byrknes-Krf:

Valnemnda kjem med framlegg om nedlemmar til arbeidsgruppa til kommunestyret før endeleg vedtak.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FO - vedtak:

Valnemnda kjem med framlegg om nedlemmar til arbeidsgruppa til kommunestyret før endeleg vedtak.

Kommunestyret - 022/15

KO - behandling:

Valnemnda la fram fylgjande samrøystes innstilling:

Arbeidsgruppa for gjennomgang av politisk styringsstruktur og delederingsreglement vert:

Leiar Leif Hosøy Sleire(H), vara: May Eva Sandvik(H)

Arne Ramslien (Krf), vara: Asle Hetlebakke(Krf)

Nina Stabell Øvreås(FrP), vara: Bjarte Vatnøy(Frp)

Jostein Hellestveit(SP), vara: Ingeborg Askeland(SP)

Aashild Halland(V), vara: Odin Kristiansen(V)

Nina Bognøy(AP), vara: Ståle Hauge(AP)

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KO - vedtak:

Arbeidsgruppa for gjennomgang av politisk styringsstruktur og delederingsreglement vert:

Leiar Leif Hosøy Sleire(H), vara: May Eva Sandvik(H)
Arne Ramslien (Krf), vara: Asle Hetlebakke(Krf)
Nina Stabell Øvreås(FrP), vara: Bjarte Vatnøy(Frp)
Jostein Hellestveit(SP), vara: Ingeborg Askeland(SP)
Aashild Halland(V), vara: Odin Kristiansen(V)
Nina Bognøy(AP), vara: Ståle Hauge(AP)

Saksopplysningar:**Bakgrunn**

Dokumentet «Politisk styringsstruktur og reglement» regulerer arbeidsprosessane på politisk nivå og samhandlinga mellom politisk nivå og rådmannen. Det var ordinær rullering i kommunestyre den 22.11.2012.

Sentralt i dette dokumentet står delegering av mynde. Kommunestyret har i gjeldande dokument (Kap. 22) bestemt at dokumentet skal evaluerast i slutten av kommunestyreperioden, og rullerast i starten av ein ny periode. Kommunal- og regionaldepartementet har skissert at det nye kommunestyre bør handsame delegeringsreglementet i løpet av våren etter eit kommuneval.

Denne saka markerer oppstart av dette arbeidet.

Arbeidsgruppe

Det har vore praksis for at det er deltagarar for både posisjon og opposisjon i arbeidsgruppa som legg fram framlegg til politisk styringsstruktur og delegeringsreglementet for kommunestyret. Dessutan stiller rådmannen sekretær- og utgreiingsressurs til rådvelde for arbeidsgruppa.

I siste revisjon av dokumentet var følgjande med i arbeidsgruppa:

Leif Hosøy Sleire(H), vara: May Eva Sandvik(H)

Arne Ramslien (Krf), vara: Asle Hetlebakke(Krf)

Nina Stabell Øvreås(FrP), vara: Bjarte Vatnøy(Frp)

Jostein Hellestveit(SP), vara: Ingeborg Askeland(SP)

Aashild Halland(V), vara: Odin Kristiansen(SP)

Nina Bognøy(AP), vara: Ståle Hauge(AP)

Rådmannen peikte ut Ole Georg Hoaas og Tove Mette Fyllingen til å følgje opp arbeidet frå administrasjonen.

Ut frå tidlegare praksis blir forslag til deltagarar i arbeidsgruppa lagt fram direkte i møte etter

innstilling i valnemnda.

Mandat og sakshandsaming

Ut frå praksis i Lindås kommune er mandatet til arbeidsgruppa å evaluere gjeldande reglement, og leggje fram forslag til utkast til nytt reglement med eventuelle endringar.

Dette utkastet vert normalt teke til orientering av det sittande kommunestyret, og dannar eit startgrunnlag for ei ny arbeidsgruppe oppnemnd av det nye kommunestyret, og vil sjølv sagt få eit mandat frå det nye kommunestyret.

Sidan dokumentet også regulerer mynde og arbeidsprosessar i alle politiske organ, er det og naturleg at prosessen blir lagt opp slik at den går innom dei politiske utvala.

Dokumentet sett i forhold til utviklingsprogrammet «Lindås 2019»

Kommunestyret, og i særleg grad formannskapet har vore tett på etablering av utviklingsprogrammet «Lindås 2019». I dette programmet har rådmannen initiert endringar i beslutningsprosessane og samspelet mellom politisk nivå og administrativt nivå. Det er naturleg at dette perspektivet blir ein del av bakgrunnsmateriale for evaluering av gjeldande styringsdokument.

Tidsfristar

Ut frå gjeldande retningsliner bør saka opp seinast i kommunestyre den 18. juni. I starten av arbeidet må arbeidsgruppa planlegge prosessen slik at den er avslutta i rimeleg tid før denne runden av politiske møte.

Forslag til vedtak:

Vert lagt fram av ordførar.